


FANGST OG SKJELPRØVAR I ESPEDALSELVA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst av laks i perioden 1988-2012 var 348 (snittvekt 3,7 kg). Før 1988 var det registrert små fangstar enkelte år, men det er ikkje kjent om dette er reelt eller skuldast manglande innrapportering. Også enkeltår etter 1988 ser det ut til å vera manglande rapportering. I 2012 vart det fanga 569 laks (snittvekt 5,7 kg), eit av dei beste resultatane for heile perioden. Til saman 25 laksar (4,4 %) vart sette attende i elva.

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1988-2009 var 127 fisk (snittvekt 1,0 kg). Fangstane avtok frå 2000 og utover, og frå 2010 har sjøauren vore freda.

Utviklinga i sjøaurefangstane i Espedalselva frå midt på 1990-talet stemmer godt over eins med det ein har sett for resten av fylket (**figur 1**, linje). Det er ikkje tilfelle i same grad for laks, fleire av åra avvik laksefangstane markert frå trenden i fylket elles.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Espedalselva i perioden 1969-2012 (søyler). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland (utanom Espedalselva). Sjøauren er freda frå 2010. **NB!** Figuren inkluderer gjenutsett laks i 2012.

Analysar av skjelmateriale

Sidan 2005 er det analysert 473 skjelprøvar av laks frå sportsfisket i Espedalselva, i 2012 mottok me prøvar av 71 laks, alle villaks (**figur 2**). Innslaget av rømt oppdrettslaks i skjelmaterialet har vore lågt alle år.

FIGUR 1. Antal skjelprøvar frå Espedalselva (stolpar) og andel rømt oppdrettslaks (linje).



Etter at laksen som gjekk ut or elvane på Vestlandet i 2004 hadde god overleving og vekst, har det vore dårlegare overleving og vekst for dei siste smoltårgangane. I mange elvar viser det seg at ein del av smålaksen (<3 kg) er 2-sjøvinterlaks, som normalt skal vera mellomlaks (3-7 kg), og ein del mellomlaks er 3-sjøvinterlaks (normalt >7 kg).

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no

